



## ÅRSREGNSKAPET FOR REGNSKAPSÅRET 2024 - GENERELL INFORMASJON

### Enheten

Organisasjonsnummer: 883 423 402  
Organisasjonsform: Aksjeselskap  
Foretaksnavn: N.H. LERUM AS  
Forretningsadresse: Kloppavegen 13  
6854 KAUPANGER

### Regnskapsår

Årsregnskapets periode: 01.01.2024 - 31.12.2024

### Konsern

Mørselskap i konsern: Ja  
Konsernregnskap lagt ved: Ja

### Regnskapsregler

Regler for små foretak benyttet: Nei  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til selskapet: Regnskapslovens alminnelige regler  
Benyttet ved utarbeidelsen av årsregnskapet til konsernet: Regnskapslovens alminnelige regler

### Årsregnskapet fastsatt av kompetent organ

Bekreftet av representant for selskapet: Trine Lerum Hjellaug  
Dato for fastsettelse av årsregnskapet: 25.04.2025

### Grunnlag for avgivelse

År 2024: Årsregnskapet er elektronisk innlevert  
År 2023: Tall er hentet fra elektronisk innlevert årsregnskap fra 2024

*Det er ikke krav til at årsregnskapet m.v. som sendes til Regnskapsregisteret er undertegnet. Kontrollen på at dette er utført ligger hos revisor/enhetens øverste organ. Sikkerheten ivaretas ved at innsender har rolle/rettighet for innsending av årsregnskapet via Altinn, og ved at det bekreftes at årsregnskapet er fastsatt av kompetent organ.*

Brønnøysundregistrene, 04.07.2025



## Resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Driftsinntekter		17 799 909	12 244 049
<b>Sum inntekter</b>		<b>17 799 909</b>	<b>12 244 049</b>
<b>Kostnader</b>			
Lønskostnader		630 420	575 120
Anna driftskostnad		601 115	490 410
<b>Sum kostnader</b>		<b>1 231 535</b>	<b>1 065 530</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>16 568 374</b>	<b>11 178 519</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Motteke utbytte frå dotterselskap		45 000 000	20 000 000
Renteinntekter		947 928	412 273
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>45 947 928</b>	<b>20 412 273</b>
Anna rentekostnad		34 925	
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>34 925</b>	
<b>Netto finans</b>		<b>45 913 003</b>	<b>20 412 273</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>62 481 377</b>	<b>31 590 792</b>
Skattekostnad		3 853 705	2 549 883
<b>Årsresultat</b>		<b>58 627 672</b>	<b>29 040 909</b>
<b>Overføringer og disponeringar</b>			
Avsett utbytte		17 200 000	9 200 000
Avsett til / overført frå anna eigenkapital		41 427 672	19 840 909
<b>Sum overføringer og disponeringar</b>		<b>58 627 672</b>	<b>29 040 909</b>



## Balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i dotterselskap		69 097 440	69 097 440
Investeringar i andre aksjar		202 850	202 850
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>69 300 290</b>	<b>69 300 290</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>69 300 290</b>	<b>69 300 290</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
<b>Krav</b>			
Andre fordringar		17 608	16 470
Til gode utbytte		45 000 000	20 000 000
Konsernkrav		12 599 909	7 044 049
<b>Sum krav</b>		<b>57 617 517</b>	<b>27 060 519</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot		32 444 013	12 041 376
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>32 444 013</b>	<b>12 041 376</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>90 061 530</b>	<b>39 101 895</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>159 361 820</b>	<b>108 402 185</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital		498 000	498 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>498 000</b>	<b>498 000</b>



## Balanse

<b>Beløp i: NOK</b>	<b>Note</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
<b>Opptent egenkapital</b>			
Anna egenkapital		137 518 522	96 090 850
<b>Sum opptent egenkapital</b>		<b>137 518 522</b>	<b>96 090 850</b>
<b>Sum egenkapital</b>		<b>138 016 522</b>	<b>96 588 850</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		145 250	0
Betalbare skattar		3 853 705	2 549 883
Skuldige offentlege avgifter		71 342	63 452
Utbytte		17 200 000	9 200 000
Kortsiktig konserngjeld		75 000	
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>21 345 297</b>	<b>11 813 335</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>21 345 297</b>	<b>11 813 335</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>159 361 819</b>	<b>108 402 185</b>



## Konsernets resultatregnskap

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>RESULTATREKNESKAP</b>			
<b>Inntekter</b>			
Salsinntekter		869 113 000	809 097 000
<b>Sum inntekter</b>		<b>869 113 000</b>	<b>809 097 000</b>
<b>Kostnader</b>			
Varekostnad		559 896 000	541 513 000
Lønskostnad		116 729 000	109 088 000
Av- og nedskrivning varige driftsmidler		28 198 000	26 641 000
Andre driftskostnader		92 049 000	81 296 000
Andre inntekter og kostnader		779 000	-270 000
<b>Sum kostnader</b>		<b>797 651 000</b>	<b>758 268 000</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>71 462 000</b>	<b>50 829 000</b>
<b>Finansinntekter og finanskostnader</b>			
Renteinntekter		4 328 000	2 384 000
<b>Sum finansinntekter</b>		<b>4 328 000</b>	<b>2 384 000</b>
Rentekostnader		6 863 000	7 006 000
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>6 863 000</b>	<b>7 006 000</b>
<b>Netto finans</b>		<b>-2 535 000</b>	<b>-4 622 000</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>68 927 000</b>	<b>46 207 000</b>
Skattekostnad		13 968 000	10 337 000
<b>Årsresultat</b>		<b>54 959 000</b>	<b>35 870 000</b>



## Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>BALANSE - EIGEDELAR</b>			
<b>Anleggsmiddel</b>			
<b>Immaterielle egedelar</b>			
Utsett skattefordel		4 035 000	3 436 000
Goodwill		252 000	336 000
<b>Sum immaterielle egedelar</b>		<b>4 287 000</b>	<b>3 772 000</b>
<b>Varige driftsmiddel</b>			
Tomtar og bygg		87 363 000	93 878 000
Maskinar og anlegg		103 894 000	108 192 000
Transportmidlar		1 657 000	1 989 000
Kontormaskiner		3 998 000	3 300 000
<b>Sum varige driftsmiddel</b>		<b>196 912 000</b>	<b>207 359 000</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>			
Investeringar i aksjar		238 000	238 000
Langsiktige fordringer		6 121 000	
<b>Sum finansielle anleggsmiddel</b>		<b>6 359 000</b>	<b>238 000</b>
<b>Sum anleggsmiddel</b>		<b>207 558 000</b>	<b>211 369 000</b>
<b>Omløpsmiddel</b>			
<b>Varer</b>			
Varer		136 892 000	109 100 000
<b>Sum varer</b>		<b>136 892 000</b>	<b>109 100 000</b>
<b>Krav</b>			
Kundefordringar		82 156 000	90 245 000
Andre fordringar		22 120 000	12 254 000
<b>Sum krav</b>		<b>104 276 000</b>	<b>102 499 000</b>
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande</b>			
Bankinnskot, kontantar o.l		102 168 000	105 592 000
<b>Sum bankinnskot, kontantar og liknande</b>		<b>102 168 000</b>	<b>105 592 000</b>
<b>Sum omløpsmiddel</b>		<b>343 336 000</b>	<b>317 191 000</b>



## Konsernets balanse

Beløp i: NOK	Note	2024	2023
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>550 894 000</b>	<b>528 560 000</b>
<b>BALANSE - EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital		498 000	498 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>498 000</b>	<b>498 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital		291 337 000	253 579 000
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>291 337 000</b>	<b>253 579 000</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>291 835 000</b>	<b>254 077 000</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Langsiktig gjeld</b>			
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar		96 042 000	103 953 000
Anna langsiktig gjeld		16 198 000	17 317 000
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>112 240 000</b>	<b>121 270 000</b>
<b>Sum langsiktig gjeld</b>		<b>112 240 000</b>	<b>121 270 000</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		50 402 000	87 129 000
Betalbare skattar		14 567 000	10 071 000
Skuldege offentlege avgifter		21 999 000	16 566 000
Utbytte		17 200 000	9 200 000
Anna kortsiktig gjeld		42 651 000	30 247 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>146 819 000</b>	<b>153 213 000</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>259 059 000</b>	<b>274 483 000</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>550 894 000</b>	<b>528 560 000</b>



# Deloitte.

Deloitte AS  
Gravensteinsgata 19  
Postboks 206  
NO-6852 Sogndal  
Norway

+47 57 67 65 70  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i N.H. Lerum AS

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for N.H. Lerum AS som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

### Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatata og kontantstraumar for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatata og kontantstraumar for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see [www.deloitte.com/about](http://www.deloitte.com/about) to learn more about our global network of member firms.

Registrert i Foretaksregisteret  
Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.



## Deloitte.

Melding frå uavhengig revisor  
N.H. Lerum AS

### *Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerstene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekkta, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifierer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underleggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.



**Deloitte.**

Melding frå uavhengig revisor  
N.H. Lerum AS

Sogndal, 17. mars 2025

Deloitte AS

  
Gunn Irene Sviggum Bruheim

statsautorisert revisor



N.H. Lerum AS

2024

Selskapsrekneskap og konsern



Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har familien Lerum foredla frukt og bær til norske hushald. Konsernet N.H. Lerum AS (Lerum) er ein landsdekkande leverandør av saft, jus og syltetøy, samt leverandør av saft til den svenske og finske marknaden. Produksjonsanlegget og hovudkontoret ligg i Sogndal kommune.

## MARKNAD

2024 vart eit godt år for Lerum der begge merkevarane Lerum og ZERoh! har betra marknadsposisjonen sin. Saftkategorien har hatt vekst både i volum og verdi, og Lerum har teke andeler gjennom gode produktlanseringar og høgt aktivitetstrykk. For syltetøykategorien har det vore ei lita tilbakegang i volum og verdi, men Lerum har auka sin volumandel. Lerum har såleis ein god posisjon i den norske daglegvaremarknaden.

I den svenske marknaden aukar kategoriandelane for ZERoh! og vi styrkar med dette posisjonen ytterlegare gjennom 2024. I Finland har utviklinga også vore positiv for ZERoh!.

## FORSKING OG UTVIKLING

Lerum legg store ressursar i vidareutvikling av produkta og merkevarane Lerum og ZERoh!. Selskapet arbeider kontinuerleg med utvikling av nye smaksvariantar, smartare og meir miljøvenleg emballasje, søting utan sukker og produkt med betre eigenskapar for god ernæring og berekraft. Innovasjon er naudsynt for å bidra til vidare utvikling av produkta.

I 2024 har vi relansert heile saftporteføljen vår og lansert mange variantar av ZERoh!. Relanseringa av saftporteføljen der vi gjekk frå seks til to flaskeformer har medført meir stabil og effektiv produksjon, samt stor reduksjon av emballasjeforbruk. Selskapet har gode system for trygg mat, kvalitet og avvikshandtering og god dialog med offentlege tilsynsmyndigheiter. BRCSG-sertifikatet vart fornya i 2024.

## ØKONOMI

### *Omsetnad og resultat konsern*

Lerum har i 2024 hatt ein omsetnad på NOK 869 millionar mot NOK 809 millionar i 2023, og resultat før skatt er på NOK 68,9 millionar for 2024 mot NOK 46,2 millionar i 2023. Årsresultatet i konsernet etter skatt i 2024 vart NOK 55,0 millionar mot NOK 35,9 millionar i 2023.

Verda har også i 2024 vore uføreseieleg. Kostnadsbiletet har framleis ligge høgt. Gjennom 2024 har det vore fokus på prosessforbetringar, kostnadsinnsparingar og effektivisering. Styret er nøgd med det gode



arbeidet og resultatforbetringa i 2024. Gode resultat er naudsynt for å halde fram med berekraftig verdiskaping og for å forsvare investeringar for vidare vekst.

#### *Kontantstraum og balanse konsern*

Kontantstraum frå drifta var i 2024 positiv med NOK 37,5 millionar mot NOK 90,9 millionar i 2023. Kontantstraumen er påverka av økt kapitalbinding i varelager og redusert leverandørgjeld. Kontantstraum frå investeringsaktivitetar er negativ med 23,8 millionar med investering i nye driftsmidlar på 17,7 millionar og langsiktig fordring på 6,1 millionar. Langsiktig bankgjeld er redusert med NOK 6,8 millionar gjennom nedbetalingar i 2024. Samstundes er det netto nedbetalt leasingkontraktar på NOK 1,2 millionar. Lerum har pr. 31. desember 2024 NOK 112,2 millionar i langsiktig gjeld. Alle lånevilkår er oppfylt pr. 31.12.2024. Verksemdene i Lerum har NOK 102,2 millionar i bankinnskot pr. 31. desember 2024. Dette saman med trekkrettar i bank og avtale med leasingselskap gjev konsernet tilstrekkeleg likviditetsreserve.

Totalbalansen er auka frå NOK 528,6 millionar pr. 31. desember 2023 til NOK 550,9 millionar ved utgangen av 2024. Bokført eigenkapital pr. 31. desember 2024 er på NOK 291,8 millionar mot NOK 254,1 millionar pr. 31. desember 2023. Dette utgjer 53,0 % av totalbalansen og er ein auke frå 48,1 % ved førre årsoppgjer.

Lerum sin finansielle marknadsrisiko er primært knytt til renter og valuta. Konsernet har flytande rente på dei fleste langsiktige låna, men har to lån på hhv. 32,4 millionar og 32,0 millionar med rentebytteavtale for deler av beløpet for perioden 2015-2025 og 2018-2028. Konsernet gjer ein stor del av innkjøpa sine i Euro og US-dollar, medan alt eksternt sal er i norsk valuta. Kor stor del av valutabehovet ein kurssikrar vert vurdert som ein del av plan- og budsjettprosessen.

Konsernet har teikna styreansvarsforsikring for styret, administrerande direktør og leiinga. Forsikringa dekker det personlege ansvaret for formueskade som desse kan pådra seg i utøvinga av sine verv. Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonal forsikringsselskap med solid rating. Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa konsernet sin storleik og omsetning.

Konsernet har eksponering mot eigedomsmarknaden. Alle eigedomar er fabrikk-, lagerlokale eller kontor, og verdirisiko for eigedomane vil hovudsakeleg vera relatert til konsernet sin bruk av og behov for eigedomane i fortsett verksemd. For leigeforhold mellom konsernselskapa er det inngått leigekontraktar på marknadsmessige vilkår.

#### *Økonomi morselskap*

N.H. Lerum AS har i 2024 hatt driftsinntekter på NOK 17,8 millionar mot NOK 12,2 millionar i 2023. Årsresultatet etter skatt i 2024 vart NOK 58,6 millionar mot NOK 29,0 millionar i 2023.

Eigenkapitalen er på NOK 138,0 millionar og utgjer 86,6 % av totalbalansen i selskapsrekneskapan til N.H. Lerum AS.

#### *Vidare drift*

Det er styret si oppfatning at årsmeldinga og årsrekneskapan for morselskapet og konsernet gjev eit rettvissande bilete av resultat, utvikling og økonomisk stilling. Styret stadfestar at årsrekneskapan for 2024 er sett opp under føresetnad om vidare drift og at denne føresetnaden er til stades.



## **BEREKRAFT, ORGANISASJON, HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK**

For Lerum handlar berekraft om å *ta vare på*. Gjennom alt vi gjer skal vi ta vare på naturen, foredling, menneske, ernæring og lokalsamfunnet.

### *Miljø og samfunn*

Distribusjon av konsumentprodukt som drikkevarer og syltetøy medfører miljøpåverknad. Den største miljøpåverknaden for Lerum er knytt til transport. Det vert utarbeida miljørekneskap og gjort tiltak for å redusere klimaavtrykket.

I 2024 har vi halde fram med arbeidet med ENØK-tiltak for å redusere straumforbruket. I løpet av året sette vi mellom anna i verk solceller på taket. Sidan vi samlokaliserte drifta på Kaupanger fabrikk i 2018, har vi redusert straumforbruket per produsert liter med 19 %.

Vi vil halde fram arbeidet for å redusere klimaavtrykket vårt gjennom reduksjon i energi- og vassforbruk, redusere matsvinn, utvikle betre emballaseløysingar og samarbeide med transportørane og leverandørane for å redusere klimaavtrykket frå transport.

Lerum skal bidra til god ernæring og har sidan 2005 stegvis redusert sukkerinnhaldet og auka innhaldet av frukt og bær i produkta. Arbeidet med å redusere det gjennomsnittlege sukkerinnhaldet i produkta har også halde fram i 2024. Resultatet syner at vi har redusert dette innhaldet med 15 % frå året før, hovudsakeleg i form av auka sal av produkt utan tilsett sukker. Sidan 2018 er det gjennomsnittlege sukkerinnhaldet redusert med 48 %.

Styret har vedteke retningslinjer for berekraftig forretningspraksis. Gjennom medlemskap i Etisk Handel Norge har vi forplikta oss til ansvarleg forretningspraksis i leverandørkjeda for rettferdig handel som bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettigheter, samfunn og miljø. Det er gjort aktsomheitsvurderingar for å få eit best mogleg bilete av risikoen i verdikjeda vår. Selskapet si utgreiing om openheitslova er tilgjengeleg på selskapet sine nettsider ([lerum.no](http://lerum.no)).

### *Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering*

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har vore éin mindre skade i samband med utøvinga av verksemda i 2024 som har medført sjukefråvær. Sjukefråværet for 2024 er 5,1 % opp frå 4,0 % i 2023. Av det samla fråværet for 2024 er 1,7 % kortidsfråvær. Lerum er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og har hatt eit godt samarbeid med trygdeetaten i 2024. Oppfølging av sjukefråvær er ei sentral oppgåve i HMS-arbeidet. Selskapet har årlege HMS-planer.

Lerum legg til rette for eit inkluderande arbeidsmiljø, der alle tilsette har like moglegheiter og rettigheter for utvikling, trivsel og arbeidsvilkår. I 2024 var 21 % av selskapet sine tilsette kvinner. Begge kjønn er representert gjennom verdikjeda i produksjon, administrasjon og sal. Fire av åtte styremedlemar i Lerum er kvinner, medan leiinga har ei fordeling på 1 kvinne og 5 menn. Fire av fem eigarar i morselskapet N.H. Lerum AS er kvinner. Det er ikkje naudsynt å setje i verk egne tiltak for å fremje likestilling.

Det vart i 2023 gjennomført kartlegging ihht. likestillings- og diskrimineringslova § 26. For meir informasjon på dette området vert det vist til *Årsrapport 2023* på selskapet sine nettsider ([lerum.no](http://lerum.no)). Det vil bli gjennomført ny kartlegging i 2025.



## SKATT OG ANDRE RAMMEVILKÅR

Lerum, som resten av næringsmiddelindustrien, er sårbar for endringar i politiske rammevilkår. Usikkerheit er mellom anna knytt til dei mange framlegga om regulering av daglegvarebransjen.

For Lerum som stadig investerer tungt i anlegg, maskiner og innovasjon er det avgjerande at skatte- og avgiftsnivået er føreseieleg, stabilt og berekraftig. Den store skilnaden på skatt etter bedrifta si eigarform og meir skatt om bedrifta er norsk eigd er ikkje berekraftig. Dei siste åra har det vore ei kraftig auke i eigarskattane som Lerum og andre likeins eigde bedrifter må bere. Dette er skattar som må betalast med pengar anten bedrifta har overskot eller ikkje. For Lerum medfører desse skattane ei stor konkurranseulempe og eit farleg stort innhogg i elles tilgjengelege investeringsmidlar.

## FRAMTIDSUTSIKTER

Med solid forankring av arbeidet med berekraft i strategiplanar på tvers av organisasjonen, auka innovasjonstakt dei siste åra og betra resultatgrad meiner styret at selskapet sine framtidsutsikter er gode. Lerum har ei velutvikla produktportefølje, sterke merkevarer og ein god medarbeidarstab som danner ei solid plattform for framtida.

Like eins med dei fleste næringsmiddelprodusentane i Noreg er selskapet sin omsetnad delt på nokre få store kjeder og distribusjonskanalar. Selskapet er difor sårbart ved daglegvarekjedenes porteføljeskift og bruk av sine egne varemerke.

Frukt og bær er utsett for temperatur og ustabil vær som påverkar avling og pris mellom sesongar. Store svingingar i råvareprisar og valuta er utfordrande i høve til oppnåelege stabile innkjøpsprisar i marknaden. Spesielt har utfordringar etter koronapandemien, energikrise og den geopolitiske uroa i Europa gitt utslag i høge kostnader for råvarer, andre innsatsfaktorar og frakter.

Vi vil halde fram med berekraftig verdiskaping gjennom å kombinere dei sterke norske tradisjonane for mat og drikke basert på frukt og bær, med den beste kunnskapen om foredling, søtning og rett ernæring i tråd med trendane i marknaden og behov hjå forbrukarane.

Behovet for nye investeringar i produksjonsanlegg, marknadsføring og kompetanseheving vil vera gjeldande også i tida framover for å ruste Lerumkonsernet til innovasjon og ansvarleg vekst med eksisterande og nye produkt.

Styret er svært fornøgd med samspelet og innsatsen dei tilsette har lagt ned i alle ledd. Innsatsen til dei tilsette har vore avgjerande for å oppretthalde samfunnsoppdraget vårt med produksjon og sal av gode matvarer. Styret ser fram til å kunne utvikle verksemda vidare i lag med medarbeidarar, kjeder, forbrukarar og andre samarbeidspartnere.

Sogndal,  
17. mars 2025

Sverre S. Tysland  
Styreleiar

Kurt Lerum  
Styremedlem

Grethe K. Lerum  
Styremedlem

Kristine Asheim  
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

Stein N. Klakegg  
Styremedlem

Trine Lerum Hjellhaug  
Administrerande direktør



N.H. Lerum AS

2024

Selskapsrekneskap



## N.H. LERUM AS

RESULTATREKNESKAP FOR 2024

	Note	2024	2023
<b>DRIFTSINNEKTER</b>			
Driftsinntekter		17 799 909	12 244 049
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>17 799 909</b>	<b>12 244 049</b>
<b>DRIFTSKOSTNADAR</b>			
Lønskostnader	1	630 420	575 120
Anna driftskostnad		601 115	490 410
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>1 231 535</b>	<b>1 065 530</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>16 568 374</b>	<b>11 178 519</b>
<b>FINANSINNEKTER/-KOSTNADAR</b>			
Renteinntekter		947 928	412 273
Motteke utbytte frå dotterselskap		45 000 000	20 000 000
Anna rentekostnad		34 925	0
<b>Netto finansresultat</b>		<b>45 913 003</b>	<b>20 412 273</b>
Resultat før skattekostnad		62 481 377	31 590 792
Skattekostnad	2	3 853 705	2 549 883
<b>Årsresultat</b>		<b>58 627 672</b>	<b>29 040 909</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>58 627 672</b>	<b>29 040 909</b>
<b>OVERFØRINGAR</b>			
Avsett utbytte		17 200 000	9 200 000
Avsett til / overført frå anna eigenkapital		41 427 672	19 840 909
<b>Sum overføringar</b>		<b>58 627 672</b>	<b>29 040 909</b>



## N.H. LERUM AS

BALANSE PR. 31.12.2024

	Note	2024	2023
<b>EIGEDLAR</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Finansielle driftsmidler</b>			
Investeringar i dotterselskap	3	69 097 440	69 097 440
Investeringar i andre aksjar	3	202 850	202 850
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>69 300 290</b>	<b>69 300 290</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>69 300 290</b>	<b>69 300 290</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Fordringar</b>			
Andre fordringar	4	17 608	16 470
Til gode utbytte		45 000 000	20 000 000
Fordring på selskap i same konsern	4	12 599 909	7 044 049
<b>Sum fordringar</b>		<b>67 617 517</b>	<b>27 060 519</b>
Bankinnskot	5	32 444 013	12 041 376
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>90 061 529</b>	<b>39 101 895</b>
<b>SUM EIGEDLAR</b>		<b>159 361 819</b>	<b>108 402 185</b>



## N.H. LERUM AS

BALANSE PR. 31.12.2024

	Note	2024	2023
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	6	498 000	498 000
<b>Sum innskoten eigenkapital</b>		<b>498 000</b>	<b>498 000</b>
<b>Opptent eigenkapital</b>			
Anna eigenkapital	7	137 518 522	96 090 850
<b>Sum opptent eigenkapital</b>		<b>137 518 522</b>	<b>96 090 850</b>
<b>Sum eigenkapital</b>		<b>138 016 522</b>	<b>96 588 850</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		145 250	0
Leverandørgjeld til selskap i same konsern		75 000	0
Skuldige offentlige avgifter		71 342	63 452
Betalbare skatter	2	3 853 705	2 549 883
Utbytte		17 200 000	9 200 000
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>21 345 297</b>	<b>11 813 335</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>21 345 297</b>	<b>11 813 335</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>159 361 819</b>	<b>108 402 185</b>

Sogndal, 17. mars 2025,

Sverre Sellæg Tysland  
Styreleder

Grethe Kristin Lerum  
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

Kurt Lerum  
Styremedlem

Stein Norvald Klakegg  
Styremedlem

Kristine Aasheim  
Styremedlem

Trine Lerum Hjelldal  
Administrerende direktør



## N.H. LERUM AS

### KONTANTSTRAUMANALYSE 2024

	2024	2023
Ordinært resultat før skattekostnad	62 481 377	31 590 792
Betalte skattar i perioden	-2 549 883	-1 061 408
Inntektsført utbytte frå dotterselskap	-45 000 000	-20 000 000
Endring i kundefordringar og andre fordringar	-5 556 998	-6 379 119
Endring i leverandørgjeld og anna gjeld	228 140	-87 567
<b>Netto kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>9 602 636</b>	<b>4 062 698</b>
Innbetaling ved sal av aksjar	0	0
Utbetaling ved kjøp av aksjar	0	0
<b>Netto kontantstraumar frå investeringsaktivitetar</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
Utbetalt utbytte	-9 200 000	0
Innbetalt utbytte	20 000 000	0
<b>Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>10 800 000</b>	<b>0</b>
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	20 402 636	4 062 698
Bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01.	12 041 376	7 978 678
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12.</b>	<b>32 444 013</b>	<b>12 041 376</b>



## N.H. LERUM AS

### NOTAR TIL REKNESKAPEN PR. 31.12.2024

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Konsernrekneskap vert sett opp som ein eigen rekneskap.

#### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende føresetnader lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa ikkje å vera forbigående. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig lån er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering.

#### Driftsinntekter

Driftsinntekter vert inntektsført etter kvart som dei vert opptent.

#### Aksjar i dotterselskap og tilknytta selskap

Investering i dotterselskap er vurdert etter kostmetoden, og er vurdert til anskaffingskost for aksjane med mindre nedskrivning har vore naudsynt. Det er føreteke nedskrivning til verkeleg verdi når verdifall har årsakar som ikkje vert vurdert å vera forbigående og nedskrivning vert vurdert naudsynt etter god rekneskapskikk. Motteke utbytte frå dotterselskap vert enten inntektsført som finansinntekt eller ført som reduksjon på kostprisen på aksjane, ut frå ei vurdering i tråd med god rekneskapskikk.

#### Andre aksjar

Anleggsaksjar, der selskapet ikkje har avgjerande innverknad, er ført opp i balansen til kostpris. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigående. Motteke utbytte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap.

#### Skattar

Skattekostnaden vert samanstilt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Skatt knytta til eigenkapitaltransaksjonar, til dømes konsemlidrag, vert ført mot eigenkapitalen.

#### Kontantstrøm

Kontantstrømsoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.



## N.H. LERUM AS

NOTAR TIL REKNESKAPEN PR. 31.12.2024

### NOTE 1 LØNSKOSTNADAR M.M.

	2024	2023
Løn	-	-
Styrehonorar	570 000	520 000
Arbeidsgjevaravgift	60 420	55 120
	<u>630 420</u>	<u>575 120</u>

Selskapet har ingen tilsette pr. 31.12.2024.

### NOTE 2 SKATTAR

	2024	2023
Resultat før skattekostnad	62 481 377	31 590 792
Ikkje frådragsberettigta kostnader/skattepliktig inntekt	-44 964 537	-20 000 416

**Grunnlag betalbar skatt** 17 516 840 11 590 376

Utrekna betalbar skatt 22 % 3 853 705 2 549 883

Mellombelse skilnadar pr. 31.12. knytta til:  
**Netto mellombelse skilnadar** - -

Nominell skattesats 22 % 22 %

**Utsett skatt / utsett skattefordel** - -

Skattekostnad i resultatregnskapen inneheld:  
**Betalbar skatt på årets resultat** 3 853 705 2 549 883  
**Sum skattekostnad** 3 853 705 2 549 883

**Forklaring på skattekostnad**  
Resultat før skatt 62 481 377 31 590 792  
22 % skatt av resultat før skatt 13 745 903 6 949 974  
Skatteeffekt av permanente skilnader (9 892 198) (4 400 092)  
Sum skattekostnad 3 853 705 2 549 883  
Effektiv skattesats 22 % 22 %

### NOTE 3 AKSJAR

Selskapet sitt namn	Selskapet sin aksjekapital	Tal aksjar eigd av N.H. Lerum AS	Prosentvis eige	Samla pålydande	Bokført verdi 31.12
<b>Konsernselskap:</b>					
Lerum AS	9 999 990	6 734	100 %	9 999 990	62 367 648
Lerum Eigedom AS	100 000	1 000	100 %	100 000	6 729 792
					<u>69 097 440</u>
<b>Øvrige selskap:</b>					
Andre					202 850
<b>Sum bokført verdi 31.12</b>					<b>69 300 290</b>



## N.H. LERUM AS

### NOTAR TIL REKNESKAPEN PR. 31.12.2024

#### NOTE 3 AKSJAR, forts.

Nærare opplysningar om einsskide aksjepostar:

Selskapet sitt namn	Forretnings- kontor	Eigardel/del av stemmer	Resultat i selskap	Eigenkapital i selskapet
Lerum AS	Sogndal	100 %	35 588 502	186 164 653
Lerum Eigedom AS	Sogndal	100 %	5 298 768	43 961 784

#### NOTE 4 FORDRINGAR

Fordringar er vurdert til pålydande.

#### NOTE 5 BANKINNSKOT

Av bankinnskot pr. 31.12.2024, utgjør bundne skattetreksmidlar kr 56 235.

#### NOTE 6 TAL AKSJAR, AKSJEEIGARAR M.V.

Selskapet sine aksjonærar er:

	Tal aksjar	Tal aksjar	
Gro Lerum Bondevik AS	8 300	8 300	Styremedlem
Bente Lerum Lund AS	8 300	8 300	
Trine Lerum Hjellhaug AS	8 300	8 300	Adm. direktør
Kurt Lerum AS	12 450	12 450	Styremedlem
Grethe Kristin Lerum AS	12 450	12 450	Styremedlem
	<b>49 800</b>	<b>49 800</b>	

På generalforsamlinga gjev 1 aksje 1 stemme.

Selskapet har 49.800 aksjar a kr. 10,-.

#### NOTE 7 ENDRING EIGENKAPITAL

Endringar i eigenkapitalen i 2024


	Aksjekapital	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital 01.01.2024	498 000	96 090 850	96 588 849
Utbytte		-17 200 000	-17 200 000
Årets resultat		58 627 672	58 627 672
<b>Eigenkapital 31.12.2024</b>	<b>498 000</b>	<b>137 518 522</b>	<b>138 016 522</b>



## N

Name Date  
**Lerum, Grethe Kristin** 2025-04-07

Identification

 bankID Lerum, Grethe Kristin


Name Date  
**Lerum, Kurt** 2025-04-06

Identification

 bankID Lerum, Kurt


Name Date  
**Hjellhaug, Trine Lerum** 2025-04-06

Identification

 bankID Hjellhaug, Trine Lerum

Name Date  
**Bondevik, Gro Lerum** 2025-04-06

Identification

 bankID Bondevik, Gro Lerum


Name Date  
**Aasheim, Kristine** 2025-04-06

Identification

 bankID Aasheim, Kristine


Name Date  
**Klakegg, Stein Norvald** 2025-04-06

Identification

 bankID Klakegg, Stein Norvald

Name Date  
**Tysland, Sverre Sellæg** 2025-04-07

Identification

 bankID Tysland, Sverre Sellæg



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF  
Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))



# Deloitte.

Deloitte AS  
Gravensteinsgata 19  
Postboks 206  
NO-6852 Sogndal  
Norway

+47 57 67 65 70  
www.deloitte.no

Til generalforsamlinga i N.H. Lerum AS

## MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

### Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for N.H. Lerum AS som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.
- konsernrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap, kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

### Etter vår meining

- oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav,
- gjev selskapsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatata og kontantstraumar for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg, og
- gjev konsernrekneskapen eit rettvisande bilete av konsernet si finansielle stilling per 31. desember 2024 og av resultatata og kontantstraumar for regnskapsåret avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

### Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

### Ytterlegare informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for informasjonen i årsmeldinga. Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje informasjonen i årsmeldinga.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese årsmeldinga. Formålet er å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom årsmeldinga og årsrekneskapen og den kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi er pålagde å rapportere om årsmeldinga inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Ut frå kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningane som skal vere med etter gjeldande lovkrav.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, a UK private company limited by guarantee ("DTTL"). DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL and Deloitte NSE LLP do not provide services to clients. Please see [www.deloitte.com/about](http://www.deloitte.com/about) to learn more about our global network of member firms.

Registrert i Foretaksregisteret  
Medlemmer av Den norske Revisorforening  
Organisasjonsnummer: 980 211 282

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.



## Deloitte.

Melding frå uavhengig revisor  
N.H. Lerum AS

### *Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen*

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisebilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerane som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekket, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebære samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi på om leiinga si bruk av framleis drift-føresetnaden er formålstenleg og, basert på innhenta revisjonsbevis, om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betydning om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, krevjes det at vi i revisjonsmeldinga gjer merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta fram til datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje kan halde fram drifta.
- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underleggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisebilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde innhaldet i revisjonen, tidspunkt for revisjonsarbeidet, og eventuelle vesentlege funn i revisjonen, irekna vesentlege svakheiter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.




**Deloitte.**

Melding frå uavhengig revisor  
N.H. Lerum AS

Sogndal, 17. mars 2025

Deloitte AS

  
Gunn Irene Sviggum Bruheim

statsautorisert revisor



N.H. Lerum AS

2024

Selskapsrekneskap og konsern



Gjennom fire generasjoner, sidan 1907, har familien Lerum foredla frukt og bær til norske hushald. Konsernet N.H. Lerum AS (Lerum) er ein landsdekkande leverandør av saft, jus og syltetøy, samt leverandør av saft til den svenske og finske marknaden. Produksjonsanlegget og hovudkontoret ligg i Sogndal kommune.

## MARKNAD

2024 vart eit godt år for Lerum der begge merkevarane Lerum og ZERoh! har betra marknadsposisjonen sin. Saftkategorien har hatt vekst både i volum og verdi, og Lerum har teke andeler gjennom gode produktlanseringar og høgt aktivitetstrykk. For syltetøykategorien har det vore ei lita tilbakegang i volum og verdi, men Lerum har auka sin volumandel. Lerum har såleis ein god posisjon i den norske daglegvaremarknaden.

I den svenske marknaden aukar kategoriandelane for ZERoh! og vi styrkar med dette posisjonen ytterlegare gjennom 2024. I Finland har utviklinga også vore positiv for ZERoh!.

## FORSKING OG UTVIKLING

Lerum legg store ressursar i vidareutvikling av produkta og merkevarane Lerum og ZERoh!. Selskapet arbeider kontinuerleg med utvikling av nye smaksvariantar, smartare og meir miljøvenleg emballasje, søting utan sukker og produkt med betre eigenskapar for god ernæring og berekraft. Innovasjon er naudsynt for å bidra til vidare utvikling av produkta.

I 2024 har vi relansert heile saftporteføljen vår og lansert mange variantar av ZERoh!. Relanseringa av saftporteføljen der vi gjekk frå seks til to flaskeformer har medført meir stabil og effektiv produksjon, samt stor reduksjon av emballasjeforbruk. Selskapet har gode system for trygg mat, kvalitet og avvikshandtering og god dialog med offentlege tilsynsmyndigheiter. BRCSG-sertifikatet vart fornya i 2024.

## ØKONOMI

### *Omsetnad og resultat konsern*

Lerum har i 2024 hatt ein omsetnad på NOK 869 millionar mot NOK 809 millionar i 2023, og resultat før skatt er på NOK 68,9 millionar for 2024 mot NOK 46,2 millionar i 2023. Årsresultatet i konsernet etter skatt i 2024 vart NOK 55,0 millionar mot NOK 35,9 millionar i 2023.

Verda har også i 2024 vore uføreseieleg. Kostnadsbiletet har framleis ligge høgt. Gjennom 2024 har det vore fokus på prosessforbetringar, kostnadsinnsparingar og effektivisering. Styret er nøgd med det gode



arbeidet og resultatforbetringa i 2024. Gode resultat er naudsynt for å halde fram med berekraftig verdiskaping og for å forsvare investeringar for vidare vekst.

#### *Kontantstraum og balanse konsern*

Kontantstraum frå drifta var i 2024 positiv med NOK 37,5 millionar mot NOK 90,9 millionar i 2023. Kontantstraumen er påverka av økt kapitalbinding i varelager og redusert leverandørgjeld. Kontantstraum frå investeringsaktivitetar er negativ med 23,8 millionar med investering i nye driftsmidlar på 17,7 millionar og langsiktig fordring på 6,1 millionar. Langsiktig bankgjeld er redusert med NOK 6,8 millionar gjennom nedbetalingar i 2024. Samstundes er det netto nedbetalt leasingkontraktar på NOK 1,2 millionar. Lerum har pr. 31. desember 2024 NOK 112,2 millionar i langsiktig gjeld. Alle lånevilkår er oppfylt pr. 31.12.2024. Verksemdene i Lerum har NOK 102,2 millionar i bankinnskot pr. 31. desember 2024. Dette saman med trekkrettar i bank og avtale med leasingselskap gjev konsernet tilstrekkeleg likviditetsreserve.

Totalbalansen er auka frå NOK 528,6 millionar pr. 31. desember 2023 til NOK 550,9 millionar ved utgangen av 2024. Bokført eigenkapital pr. 31. desember 2024 er på NOK 291,8 millionar mot NOK 254,1 millionar pr. 31. desember 2023. Dette utgjer 53,0 % av totalbalansen og er ein auke frå 48,1 % ved førre årsoppgjer.

Lerum sin finansielle marknadsrisiko er primært knytt til renter og valuta. Konsernet har flytande rente på dei fleste langsiktige låna, men har to lån på hhv. 32,4 millionar og 32,0 millionar med rentebytteavtale for deler av beløpet for perioden 2015-2025 og 2018-2028. Konsernet gjer ein stor del av innkjøpa sine i Euro og US-dollar, medan alt eksternt sal er i norsk valuta. Kor stor del av valutabehovet ein kurssikrar vert vurdert som ein del av plan- og budsjettprosessen.

Konsernet har teikna styreansvarsforsikring for styret, administrerande direktør og leiinga. Forsikringa dekker det personlege ansvaret for formueskade som desse kan pådra seg i utøvinga av sine verv. Forsikringa er teikna på marknadsmessige vilkår i eit internasjonal forsikringsselskap med solid rating. Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetypisk beløpsgrense tilpassa konsernet sin storleik og omsetning.

Konsernet har eksponering mot eigeidomsmarknaden. Alle eigeidomar er fabrikk-, lagerlokale eller kontor, og verdirisiko for eigeidomane vil hovudsakeleg vera relatert til konsernet sin bruk av og behov for eigeidomane i fortsett verksemd. For leigeforhold mellom konsernselskapa er det inngått leigekontraktar på marknadsmessige vilkår.

#### *Økonomi morselskap*

N.H. Lerum AS har i 2024 hatt driftsinntekter på NOK 17,8 millionar mot NOK 12,2 millionar i 2023. Årsresultatet etter skatt i 2024 vart NOK 58,6 millionar mot NOK 29,0 millionar i 2023.

Eigenkapitalen er på NOK 138,0 millionar og utgjer 86,6 % av totalbalansen i selskapsrekneskapan til N.H. Lerum AS.

#### *Vidare drift*

Det er styret si oppfatning at årsmeldinga og årsrekneskapan for morselskapet og konsernet gjev eit rettvissande bilete av resultat, utvikling og økonomisk stilling. Styret stadfestar at årsrekneskapan for 2024 er sett opp under føresetnad om vidare drift og at denne føresetnaden er til stades.



## **BEREKRAFT, ORGANISASJON, HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK**

For Lerum handlar berekraft om å *ta vare på*. Gjennom alt vi gjer skal vi ta vare på naturen, foredling, menneske, ernæring og lokalsamfunnet.

### *Miljø og samfunn*

Distribusjon av konsumentprodukt som drikkevarer og syltetøy medfører miljøpåverknad. Den største miljøpåverknaden for Lerum er knytt til transport. Det vert utarbeida miljørekneskap og gjort tiltak for å redusere klimaavtrykket.

I 2024 har vi halde fram med arbeidet med ENØK-tiltak for å redusere straumforbruket. I løpet av året sette vi mellom anna i verk solceller på taket. Sidan vi samlokaliserte drifta på Kaupanger fabrikk i 2018, har vi redusert straumforbruket per produsert liter med 19 %.

Vi vil halde fram arbeidet for å redusere klimaavtrykket vårt gjennom reduksjon i energi- og vassforbruk, redusere matsvinn, utvikle betre emballaseløysingar og samarbeide med transportørane og leverandørane for å redusere klimaavtrykket frå transport.

Lerum skal bidra til god ernæring og har sidan 2005 stegvis redusert sukkerinnhaldet og auka innhaldet av frukt og bær i produkta. Arbeidet med å redusere det gjennomsnittlege sukkerinnhaldet i produkta har også halde fram i 2024. Resultatet syner at vi har redusert dette innhaldet med 15 % frå året før, hovudsakeleg i form av auka sal av produkt utan tilsett sukker. Sidan 2018 er det gjennomsnittlege sukkerinnhaldet redusert med 48 %.

Styret har vedteke retningslinjer for berekraftig forretningspraksis. Gjennom medlemskap i Etisk Handel Norge har vi forplikta oss til ansvarleg forretningspraksis i leverandørkjeda for rettferdig handel som bidreg til å ivareta menneske- og arbeidstakarrettigheter, samfunn og miljø. Det er gjort aktsomheitsvurderingar for å få eit best mogleg bilete av risikoen i verdikjeda vår. Selskapet si utgreiing om openheitslova er tilgjengeleg på selskapet sine nettsider ([lerum.no](http://lerum.no)).

### *Arbeidsmiljø, likestilling og diskriminering*

Styret vurderer arbeidsmiljøet som godt. Det har vore éin mindre skade i samband med utøvinga av verksemda i 2024 som har medført sjukefråvær. Sjukefråværet for 2024 er 5,1 % opp frå 4,0 % i 2023. Av det samla fråværet for 2024 er 1,7 % kortidsfråvær. Lerum er IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og har hatt eit godt samarbeid med trygdeetaten i 2024. Oppfølging av sjukefråvær er ei sentral oppgåve i HMS-arbeidet. Selskapet har årlege HMS-planer.

Lerum legg til rette for eit inkluderande arbeidsmiljø, der alle tilsette har like moglegheiter og rettigheter for utvikling, trivsel og arbeidsvilkår. I 2024 var 21 % av selskapet sine tilsette kvinner. Begge kjønn er representert gjennom verdikjeda i produksjon, administrasjon og sal. Fire av åtte styremedlemar i Lerum er kvinner, medan leiinga har ei fordeling på 1 kvinne og 5 menn. Fire av fem eigarar i morselskapet N.H. Lerum AS er kvinner. Det er ikkje naudsynt å setje i verk egne tiltak for å fremje likestilling.

Det vart i 2023 gjennomført kartlegging ihht. likestillings- og diskrimineringslova § 26. For meir informasjon på dette området vert det vist til *Årsrapport 2023* på selskapet sine nettsider ([lerum.no](http://lerum.no)). Det vil bli gjennomført ny kartlegging i 2025.



## SKATT OG ANDRE RAMMEVILKÅR

Lerum, som resten av næringsmiddelindustrien, er sårbar for endringar i politiske rammevilkår. Usikkerheit er mellom anna knytt til dei mange framlegga om regulering av daglegvarebransjen.

For Lerum som stadig investerer tungt i anlegg, maskiner og innovasjon er det avgjerande at skatte- og avgiftsnivået er føreseieleg, stabilt og berekraftig. Den store skilnaden på skatt etter bedrifta si eigarform og meir skatt om bedrifta er norsk eigd er ikkje berekraftig. Dei siste åra har det vore ei kraftig auke i eigarskattane som Lerum og andre likeins eigde bedrifter må bere. Dette er skattar som må betalast med pengar anten bedrifta har overskot eller ikkje. For Lerum medfører desse skattane ei stor konkurranseulempe og eit farleg stort innhogg i elles tilgjengelege investeringsmidlar.

## FRAMTIDSUTSIKTER

Med solid forankring av arbeidet med berekraft i strategiplanar på tvers av organisasjonen, auka innovasjonstakt dei siste åra og betra resultatgrad meiner styret at selskapet sine framtidsutsikter er gode. Lerum har ei velutvikla produktportefølje, sterke merkevarer og ein god medarbeidarstab som danner ei solid plattform for framtida.

Like eins med dei fleste næringsmiddelprodusentane i Noreg er selskapet sin omsetnad delt på nokre få store kjeder og distribusjonskanalar. Selskapet er difor sårbart ved daglegvarekjedenes porteføljeskift og bruk av sine egne varemerke.

Frukt og bær er utsett for temperatur og ustabil vær som påverkar avling og pris mellom sesongar. Store svingingar i råvareprisar og valuta er utfordrande i høve til oppnåelege stabile innkjøpsprisar i marknaden. Spesielt har utfordringar etter koronapandemien, energikrise og den geopolitiske uroa i Europa gitt utslag i høge kostnader for råvarer, andre innsatsfaktorar og frakter.

Vi vil halde fram med berekraftig verdiskaping gjennom å kombinere dei sterke norske tradisjonane for mat og drikke basert på frukt og bær, med den beste kunnskapen om foredling, søtning og rett ernæring i tråd med trendane i marknaden og behov hjå forbrukarane.

Behovet for nye investeringar i produksjonsanlegg, marknadsføring og kompetanseheving vil vera gjeldande også i tida framover for å ruste Lerumkonsernet til innovasjon og ansvarleg vekst med eksisterande og nye produkt.

Styret er svært fornøgd med samspelet og innsatsen dei tilsette har lagt ned i alle ledd. Innsatsen til dei tilsette har vore avgjerande for å oppretthalde samfunnsoppdraget vårt med produksjon og sal av gode matvarer. Styret ser fram til å kunne utvikle verksemda vidare i lag med medarbeidarar, kjeder, forbrukarar og andre samarbeidspartnere.

Sogndal,  
17. mars 2025

Sverre S. Tysland  
Styreleiar

Kurt Lerum  
Styremedlem

Grethe K. Lerum  
Styremedlem

Kristine Asheim  
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

Stein N. Klakegg  
Styremedlem

Trine Lerum Hjellhaug  
Administrerande direktør



N.H. Lerum AS

2024

Konsern



**KONSERNREKNESKAP  
N.H. LERUM AS  
RESULTATREKNESKAP FOR 2024**

<b><u>DRIFTSINNETEKTER (tal i heile tusen)</u></b>	<b>Note</b>	<b>31.12.2024</b>	<b>31.12.2023</b>
Salsinntekter		869 113	809 097
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>869 113</b>	<b>809 097</b>
<b><u>DRIFTSKOSTNADAR</u></b>			
Varekostnad	1	559 896	541 513
Lønskostnad	2	116 729	109 088
Av- og neskrijving varige driftsmidlar	3	28 198	26 641
Andre driftskostnadar	2,4,5	92 049	81 296
<b>Sum driftskostnadar</b>		<b>796 873</b>	<b>758 539</b>
<b>Driftsresultat før andre inntekter og kostnadar</b>		<b>72 240</b>	<b>50 558</b>
Andre inntekter og kostnadar	6	-779	270
<b>Driftsresultat</b>		<b>71 461</b>	<b>50 828</b>
<b><u>FINANSINNETEKTER/-KOSTNADAR</u></b>			
Renteinntekter		4 328	2 384
Rentekostnadar		-6 863	-7 006
<b>Netto finansresultat</b>		<b>-2 535</b>	<b>-4 622</b>
<b>Resultat før skattekostnad</b>		<b>68 926</b>	<b>46 206</b>
Skattekostnad	7	13 968	10 337
<b>Årsresultat</b>	8	<b>54 958</b>	<b>35 870</b>



**KONSERNREKNESKAP**  
**N.H. LERUM AS**  
**BALANSE PR. 31.12.2024**

<b>EIGEDELAR (tal i heile tusen)</b>	<b>NOTE</b>	<b>31.12.2024</b>	<b>31.12.2023</b>
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eigedelar</b>			
Utsett skattefordel	7	4 035	3 436
<b>Sum immaterielle eigedelar</b>		<b>4 035</b>	<b>3 436</b>
<b>Varige driftsmidler</b>			
Goodwill	3	252	336
Tomtar og bygg	3,13	87 363	93 878
Maskinar og anlegg	3,13	103 894	108 192
Transportmidlar	3,13	1 657	1 989
Kontormaskiner	3,13	3 998	3 300
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>197 164</b>	<b>207 695</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringar i aksjar		238	238
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>238</b>	<b>238</b>
<b>Langsiktige fordringar</b>	3	<b>6 121</b>	<b>0</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>207 558</b>	<b>211 369</b>
<b>Omløpsmidlar</b>			
<b>Varer</b>	1,13	<b>136 892</b>	<b>109 100</b>
<b>Fordringar</b>			
Kundefordringar	13	82 156	90 245
Andre fordringar		22 120	12 254
<b>Sum fordringar</b>		<b>104 276</b>	<b>102 499</b>
<b>Bankinnskot, kontantar o.l</b>	9	<b>102 168</b>	<b>105 592</b>
<b>Sum omløpsmidlar</b>		<b>343 336</b>	<b>317 191</b>
<b>SUM EIGEDELAR</b>		<b>550 894</b>	<b>528 560</b>



**KONSERNREKNESKAP**  
**N.H. LERUM AS**  
**BALANSE PR. 31.12.2024**

<b><u>EIGENKAPITAL OG GJELD (tal i heile tusen)</u></b>	<b><u>NOTE</u></b>	<b><u>31.12.2024</u></b>	<b><u>31.12.2023</u></b>
<b>Eigenkapital</b>			
<b>Innskoten eigenkapital</b>			
Aksjekapital	10	498	498
Anna eigenkapital		291 337	253 579
<b>Sum eigenkapital</b>	11	<b>291 835</b>	<b>254 077</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Anna langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjonar	12,13	96 042	103 953
Anna langsiktig gjeld	12,13	16 198	17 317
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>		<b>112 240</b>	<b>121 270</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		50 402	87 129
Avsatt utbytte	11	17 200	9 200
Betalbare skattar	7	14 567	10 071
Skuldige offentlege avgifter		21 999	16 566
Anna kortsiktig gjeld	14	42 651	30 247
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>146 819</b>	<b>153 213</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>259 059</b>	<b>274 483</b>
<b>SUM EIGENKAPITAL OG GJELD</b>	15	<b>550 894</b>	<b>528 560</b>

Sogndal, 17. mars 2025

Sverre S. Tysland  
Styreleiar

Kurt Lerum  
Styremedlem

Grethe Kristin Lerum  
Styremedlem

Kristine Aasheim  
Styremedlem

Gro Lerum Bondevik  
Styremedlem

Stein Norvald Klakegg  
Styremedlem

Trine Lerum Hjellhaug  
Administrerande direktør



## N.H. LERUM AS

### KONTANTSTRAUMSANALYSE KONSERNREKNESKAPEN 2024

	2024	2023
Ordinert resultat før skattekostnad	68 926	46 206
Betalte skattar	-10 071	-2 762
Ordinære avskrivningar	28 198	26 641
Andre inntekter og kostnader	779	270
Tap /vinst avgang driftsmidlar	-	-88
Avsetjing forpliktingar (netto)	-1 898	-2 169
Endring i varer	-27 792	6 888
Endring i kundefordringar og andre fordringar	-1 778	-4 613
Endring i leverandørgjeld og anna gjeld	-18 891	20 498
<b>Netto kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>37 473</b>	<b>90 871</b>
Netto tilgang anleggsmidlar	-17 666	-21 431
Sølt anleggsmidlar (salssum)	-	88
Auke langsiktig fordring	-6 121	-
<b>Netto kontantstraumar frå investeringsaktivitetar</b>	<b>-23 787</b>	<b>-21 343</b>
Opptak av ny langsiktig gjeld	1 111	6 320
Netto endring trekk på kassakreditt	-	-12 670
Utbetalt ubytte	-9 200	-
Nedbetaling gjeld leasingavtalar	-2 263	-1 722
Netto nedbetaling av langsiktig gjeld	-6 759	-6 760
<b>Netto kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar</b>	<b>-17 111</b>	<b>-14 832</b>
Netto endring i bankinnskot, kontantar og liknande	-3 425	54 696
Bankinnskot, kontantar og liknande pr 01.01.	105 592	50 896
<b>Bankinnskot, kontantar og liknande pr 31.12.</b>	<b>102 167</b>	<b>105 592</b>



## N.H. LERUM AS

### Notar til konsernregnskapen 2024

#### Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova. Rekneskapsprinsippa vert gjort greie for nedanfor.

#### Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld

Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande føresetnader lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men nedskrive til verkeleg verdi når verdifallet er forventa ikkje å vera forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive planmessig. Langsiktig lån er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering.

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er ført opp i balansen til nominelt motteke beløp på tidspunkt for etablering. Kortsiktig gjeld er ikkje oppskrive til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

#### Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet.

#### Aksjar i tilknytta selskap og andre aksjar

Aksjar i tilknytta selskap vert rekneskapsført etter eigenkapitalmetoden ved positive eller negative opptente resultat.

Anleggsaksjar der selskapet ikkje har avgjerande innflyting, er ført opp i balansen til kostpris. Investeringane vert nedskrive til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

#### Varer

Varer er vurdert til det lågaste av kostpris og netto salsverdi. Sidan konsernet har fysisk sporing av råvarer nytta i mat, er anskaffingskost så langt som mogleg tilordna den einskilde vare.

#### Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar vert oppført til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane.

#### Leigeavtalar

Driftsmidlar som vert leigd på vilkår som i det vesentlege overfører økonomisk risiko til selskapet (finansiell leasing), vert balanseført under varige driftsmidlar og tilhørende leigeforpliktning vert teke med som forpliktning under langsiktig gjeld til noverdien av leigebetalningane. Driftsmidlet vert avskrive planmessig og forpliktninga vert redusert med betalt leige etter frådrag for berekna rentekostnad.

#### Pensjonar

Foretaket er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon og har pensjonsordning som oppfyller krava etter denne lov.

#### Valuta

Eventuelle pengepostar i utlandsk valuta er vurdert til kursen ved rekneskapsårets slutt.

#### Skattar

Skattekostnaden vert samanstillt med rekneskapsmessig resultat før skatt. Utsett skatt / skattefordel er i tråd med god rekneskapskikk vurdert til nominelle verdjar.

#### Kontantstraum

Kontantstraumoppstillinga er utarbeida etter den indirekte metode.

#### Sikringsbokføring

Sikringsbokføring er anvendt i samsvar med Norsk Regnskapsstandard (NRS)18. Sikringsinstrumenta, som består av valutaterminkontraktar (Kontantstraumsikring), vert ikkje bokført til verkeleg verdi, men behandla i samsvar med reglane for sikringsbokføring. Vinst og tap på sikringsinstrumenta vert innrekna i resultatrekneskapet i same periode som dei sikra transaksjonane påverkar resultatet. Dette sikrar at effekten av sikringsinstrumenta sammenstilles med effekten av dei sikra transaksjonane.

#### Renteswap

Det er etablert renteswap i selskapet. Renteswap kjem ikkje inn under reglane for sikringsbokføring. Inntekter og kostander knytt til renteswap bokføres løpande som renteinntekter og rentekostnader. Det foreligger ikkje tap i renteswap pr. 31.12.2024.

#### Konsernregnskap

I konsernregnskapen er det teke med aksjar der N.H. Lerum AS eig meir enn 50 % av aksjane og har avgjerande innflyting.

Oversikt over desse selskapa er vist i note 8. Konsernregnskapen viser konsernet si økonomiske stilling og resultat når desse selskapa vert sett på som ei eining.

Alle mellomrekningar og transaksjonar mellom selskapa i konsernet er eliminert i konsernregnskapen. Ved oppkjøp av tilknytta selskap eller dotterselskap vert det føreteke analyse av verkelege verdjar ihht god rekneskapskikk. Oppkjøp vert rekneskapsført frå det tidspunktet konsernet har kontroll.



## N.H. LERUM AS

### Notar til konsernregnskapen 2024

Note 1	Varer	(tal i heile tusen)	2024	2023
	Råvarer og emballasje		112 294	87 729
	Pariteemballasje		100	30
	Ferdigvarer		25 880	22 469
	Avsetjing ukurans		-1 382	-1 128
	<b>Sum</b>		<b>136 892</b>	<b>109 100</b>
	<b>Varekostnad spesifisert:</b>			
	Endring i ferdigvarelager		-3 411	914
	Varekostnad		556 485	540 599
	<b>Sum varekostnad</b>		<b>559 896</b>	<b>541 513</b>

### Note 2 Lønskostnad, tal på tilsette, godtgjersle, lån til tilsette mm

Lønskostnad	(tal i heile tusen)	2024	2023
Løn		93 209	86 074
Følketrygdavgift		12 057	11 289
Pensjonskostnader		7 502	6 576
Innleigd arbeidshjelp		94	541
Andre ytingar		3 867	4 608
<b>Sum</b>		<b>116 729</b>	<b>109 088</b>

Gjennomsnittleg tal på tilsette 129,5 139

Ytingar til leiande personar	Adm.dir	Styre
Honorar administrerende direktør	1 977	1 855 000 (av delte er
Andre innberetningspliktige ytingar	124	kr 875 000,- til styre/leiar)

### Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2024 utgjer kr 560 620,-. Honorar for andre tenester er kostnadsført med kr 1 70 600,-.

### Note 3 Varige driftsmidlar (tal i heile tusen)

	Transport- midlar	Periodisert vedlikehald	Maskiner og anlegg	Kontormaskiner	Tomter og bygningar	Anlegg under utføring	Goodwill	SUM
Kostpris 1.1.	3 319	6 374	157 478	12 271	238 821	4 977	1 678	424 918
Tilgang	0	0	14 831	1 962	4 108	1 742	0	22 643
Avgang	0	0	0	0	0	-4 977	0	-4 977
<b>Kostpris 31.12.</b>	<b>3 319</b>	<b>6 374</b>	<b>172 309</b>	<b>14 233</b>	<b>242 929</b>	<b>1 742</b>	<b>1 678</b>	<b>452 538</b>
Akkumulerte av- skrivningar 31.12	1 662	3 626	71 937	10 235	155 566	0	1 427	244 453
Akkumulerte ned- skrivningar 31.12	0	0	968	0	0	0	0	968
<b>Bokført verdi pr. 31.12.</b>	<b>1 657</b>	<b>2 748</b>	<b>99 404</b>	<b>3 998</b>	<b>87 363</b>	<b>1 742</b>	<b>252</b>	<b>197 164</b>
Avskrivning i år	332	567	15 370	1 264	10 581	0	84	28 198
Nedskrivning i år	0	0	0	0	0	0	0	0
Nedskrivning i året			0					0
Økonomisk levetid	5/7 år	10 år	5/20 år	5/10 år	25 år		5 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær		Lineær	
Balansførte leigeavtalar inkl. i bokført verdi	593		11 224					11 817

### Periodisering av ERP system

Selskapet har i 2024 anskaffa ERP system for Nok 6,2 mill. Det nye systemet tilfredstiller ikkje krava til å være eit materielt eigendel. Systemet vil imidlertid ha brukstid utover eit år og derfor presentert som ei langsiktig fordring. Selskapet har vurdert brukstid til å være 5 år. Systemet blei teke i bruk i desember 2024 og er periodisert inn kostnader for 2024 med 1 mnd.



## N.H. LERUM AS

### Notar til konsernregnskapen 2024

#### Note 4 Leige - og leasingavtaler (tal i heile tusen)

Konsernet har ulike operasjonelle leigeavtaler	
Leigekostnader knytt til kontor, lager produksjons og administrasjonsutstyr	959
Konsernet har i tillegg leigeavtaler bokført som finansiell leasing	
Nominell verdi av sum resterande estimerte leigebetalinger	11 818
Noverdi av sum resterande estimerte leigebetalinger	9 527
Forfallsstruktur finansiell leasing	
Forfall innen 1 år	1 350
Forfall 2-7 år	8 177

#### Note 5 Nærstående parter

Lerum-konsernet har avtaler med Bjørne Lerums Bilmuseum AS om leige av lokale. Selskapet er eid av 3 av eigarane i N.H. Lerum AS. Årleg honorar for vedkomande avtaler er på kr 600 000,- ekskl. mva.

#### Note 6 Andre inntekter og kostnader (tal i heile tusen)

Spesifikasjon av andre inntekter og kostnader	2024	2023
Vinst ved avgang driftsmidler	-	88
Endring føresetnader forplikting	-779	182
	<u>-779</u>	<u>270</u>

#### Note 7 Skattar (tal i helle tusen)

Skatteaukande og skattereduserande mellomelse skilnadar med nominell skattesats 22 %.

	Endring	2024	2023
Fordringar	-	-100	-100
Driftsmidler	2 794	-3 385	-591
Varelager	254	-1 382	-1 128
Avsetjingar	31	-17 261	-17 230
Vinst- og tapskonto	101	310	411
Balansførte leigeavtaler	-685	2 290	1 605
Underskot til framføring	-	-	-
Netto mellomelse skilnadar	<u>2 495</u>	<u>-19 528</u>	<u>-17 033</u>

Grunnlag for utsett skatt / (skattefordel)	2 495	-19 528	-17 034
Herav ikkje grunnlag for balanseføring	229	1 186	1 415
Grunnlag for utsett skatt / (skattefordel)	<u>2 723</u>	<u>-18 342</u>	<u>-15 619</u>
Utsett skatt / (skattefordel)	599	-4 035	-3 436

Prosentats utrekning utsett skatt / skattefordel 22 % 22 %

#### Forklaring til skattekostnad

Resultat før skatt	68 926
22 % skatt	15 164
Skatteeffekt av permanente skilnadar	-1 293
Skatteeffekt av konserneimineringar /periodisering meir/mindreverdier	43
Endring ikkje balanseført utsett skattefordel	53
Sum skattekostnad	13 966
Effektiv skattesats	<u>20,26 %</u>

#### Betalbare skattar i balansen består av;

Skattegrunnlag selskap i konsernet	66 214
22 % betalbare skattar	14 567

Likeins med dei fleste eigarar i familieeigde bedrifter har ikkje eigarane i Lerum skatteevne for skatt på formue dei har i eigarskapen i bedrifta utanom å få utbyte frå bedrifta. Ei heller har eigarane evne til å betale utbyteskatten som vert utløynt av slikt utbyte utan at utbytet vert stort nok til å dekke eigarane sin skatt både på formue og utbyte.

Dagens eigarskap i bedrifta fører såleis til at bedrifta må planleggje for slikt utbyte framover. Den framtidige utbetalinga er reelt sett ikkje ei nedbetalbar gjeld for bedrifta. For 2024 utgjør eigarskatten 6,2 millionar kroner. Den framtidige utbetalinga, føreset dagens likningsverdi, skattesats og diskoteringsrente lik ei 10-årig norsk stasobilgasjon, utgjør 117 millionar og reduserer i praksis eigenkapitalprosenten frå 52 % til 32%.



## N.H. LERUM AS

### Notar til konsernregnskapen 2024

#### Note 8 Konsolidering av dotterselskap

##### Konsernet omfattar:

Morselskap:	Aksjekapital	Eigardel
N.H. Lerum AS	498 000	
<b>Dotterselskap:</b>		
Lerum AS	9 999 990	100 %
Lerum Eigedom AS	100 000	100 %
<b>Dotterselskap av Lerum Eigedom AS</b>		
Lerum Eigedom Kaupanger Kai AS	100 000	100 %
N.H. Lerums Saffabrikk AS	121 680	100 %
<b>Dotterselskap av Lerum AS</b>		
AS Lerums Saffabrikk	109 000	100 %

#### Note 9 Bankinnskot, bundne midlar, kassakreditt mv

Av bankinnskot er kr 4 964 047,- bundne skattetrekkmidlar. Konsemselskapa har totalt ei kassakreditramme på kr 65 000 000,- der kr 0 er nytta pr. 31.12.2024.

I bankinnskot inngår også kr 316 007,- som er depositum for husleige.

#### Note 10 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Selskapet sin aksjekapital er på 49 800 aksjer á kr 10,-.

##### Eigarstruktur

Aksjonærane i selskapet pr. 31.12. var:

	Tal aksjar	Sum	Eigardel	Stemmedel
Gro Lerum Bondevik AS Styremedlem	8 300	8 300	16,67 %	16,67 %
Bente Lerum Lund AS	8 300	8 300	16,67 %	16,67 %
Trine Lerum Hjelhaug AS Adm.direktør	8 300	8 300	16,67 %	16,67 %
Kurt Lerum AS Styremedlem	12 450	12 450	25,00 %	25,00 %
Grethe Kristin Lerum AS Styremedlem	12 450	12 450	25,00 %	25,00 %
<b>Sum aksjar</b>	<b>49 800</b>	<b>49 800</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>

På generalforsamlinga gjev 1 aksje 1 stemme.

#### Note 11 Eigenkapital (tal i heile tusen)

Endring i eigenkapital gjennom året:

Tekst	Aksjekapital	Anna eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 31.12.2024	498	253 579	254 077
Resultat i året		54 958	54 958
Utbyte i året		-17 200	-17 200
<b>Eigenkapital pr. 31.12.2024</b>	<b>498</b>	<b>291 337</b>	<b>291 835</b>

#### Note 12 Anna langsiktig gjeld (tal i heile tusen)

Gjeld som har siste avdrag til betaling meir enn fem år etter regnskapsårets slutt:

	2024	2023
Gjeld til kreditinstitusjonar	52 714	59 494
<b>Sum anna langsiktig gjeld</b>	<b>52 714</b>	<b>59 494</b>

##### Anna langsiktig gjeld, NOK 16 198 139

Den delen av vederlaget ved overtaking av eigedommar i 2008 som vart gjort opp ved framtidig årlig inntektsyting, inngår i anna langsiktig gjeld og er berekna ved hjelp av føresefnadar i arveavgiftslova og noverdi basert på økonomiske føresefnadar i tråd med god rekneskapskikk om pensjonar.

##### Opplysningar om pantelån:

Lån	Opphavelag lånebeløp i NOK	Saldo 31.12
Gjeld kreditinstitusjonar	147 081	86 514
<b>Sum</b>	<b>147 081</b>	<b>86 514</b>

Avdragsprofil:	2025	2026	2027	2028	2029	Deretter
Sum	6 760	6 760	6 760	6 760	6 760	52 714



## N.H. LERUM AS

### Notar til konsernregnskapen 2024

#### Note 13 Pantsetjingar (tal i heile tusen)

	2024	2023
Bokført gjeld som er sikra ved pant o.l.:		
Gjeld til kredittinstitusjonar	86 514	93 274
Gjeld knytt til finansielle leigeavtalar	9 528	10 679
Sum	96 042	103 953

Bokført verdi av eigedelar stilt som trygd for bokført gjeld

Maskiner og anlegg	103 894	108 192
Tomt og bygningar	87 363	93 878
Transportmidler	1 657	1 989
Driftslausøyre	3 998	3 300
Totalt	196 912	207 359

I tillegg er det teke pant i:

Varelager	136 892	109 100
Kundefordringar	82 157	90 245

#### Note 14 Anna kortsiktig gjeld

	2024	2023
Påkomne feriepengar	9 793	8 932
Påkomne kostnader diverse	32 096	20 483
Påkomne renter	760	833
Sum	42 651	30 248

#### Note 15 Sikring

Selskapet har inngått valutaterminkontraktar for å sikre framtidige kontanstraumar i utenlandsk valuta. Formålet med sikringa er å redusere risikoen for svingingar i valutakursar som kan påvirke selskapets økonomiske resultat.

Effekt på resultatregnskap og ikkje balanseførte kontraktar

Gevinstar og tap på valutaterminkontraktane som er innrekna i resultatregnskapet for regnskapsåret 2024.

Resultata av sikringskontraktane føres løpande mot varekostnader.

Selskapet har pr. 31.12.2024 ein urealisert vinst på ikkje balanseførte terminkontraktar som forfaller i 2025 er på kr. 35 750.

Selskapet har ikkje inngått avtale om valutaterminkontraktar i 2024 som forfell seinare enn 30.06.2025.



## N

Name Date  
**Lerum, Grethe Kristin** **2025-04-07**

Identification  
 bankID Lerum, Grethe Kristin

Name Date  
**Lerum, Kurt** **2025-04-06**

Identification  
 bankID Lerum, Kurt

Name Date  
**Hjellhaug, Trine Lerum** **2025-04-06**

Identification  
 bankID Hjellhaug, Trine Lerum

Name Date  
**Bondevik, Gro Lerum** **2025-04-06**

Identification  
 bankID Bondevik, Gro Lerum

Name Date  
**Aasheim, Kristine** **2025-04-06**

Identification  
 bankID Aasheim, Kristine

Name Date  
**Klakegg, Stein Norvald** **2025-04-06**

Identification  
 bankID Klakegg, Stein Norvald

Name Date  
**Tysland, Sverre Sellæg** **2025-04-07**

Identification  
 bankID Tysland, Sverre Sellæg



This document contains electronic signatures using EU-compliant PAdES - PDF  
Advanced Electronic Signatures (Regulation (EU) No 910/2014 (eIDAS))